



Matematikkenteret

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2026

KENGURUKONKURRANSEN

Oppgaver på nynorsk

Ecolier


(4.-5. trinn)





3 poeng


1. Kva for ein veg må marihøna gå for å komme til bladet?



- (A) X og P (B) Y og P (C) Z og P (D) X og Q (E) Z og Q

2. Nils har ein spinner. Han kan snurre på pilene.

Kva for tre tall kan spinnaren stoppe på i same snurr?



- (A) 73, 24, 18 (B) 18, 62, 24 (C) 73, 93, 51 (D) 51, 24, 93 (E) 93, 51, 62

3. Frida har fem fargeblyantar.

Den blå er kortast.

Den grønne og den raude er like lange.

Den svarte blyanten er kortare enn den gule.

Kva for ein blyant er svart?




- (A) A (B) B (C) C (D) D (E) E



4. Denne tallinja er knekt på nokre stader.

Kva for eit tal skal stå ved spørsmålsteiknet?



- (A) 3 (B) 5 (C) 6 (D) 7 (E) 8

5. Anna har ei stor eske med blyantar og penslar.
Ho tek frå den store eska og lager små esker, slik biletet viser.





I kvar av dei små eskene set ho ein blyant og ein pensel av kvar sort.

Kor mange slike små esker kan ho lage?

- (A) 2 (B) 3 (C) 4 (D) 5 (E) 6

6. I kvar rute skal det vere ein kenguru.
I kvar rad og kvar kolonne skal det vere ein grå,
ein kvit og ein svart kenguru.

Kva for ein bit skal liggje i dei tre markerte rutene?



- (A) (B) (C) (D) (E)




7. Anna er 7 år og bror hennar er 2 år.






Om kor mange år vil Anna vere dobbelt så gammal som bror sin?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5

8. Eit golv er dekt med fem ulike fliser.
Flisene ligg i eit gjentakande mønster,
dei kjem i same rekkjefølgje.
Eivind har teke eit bilete av golvet.




Korleis ser mønsteret med dei fem flisene ut?

- (A)  (B) 
- (C)  (D) 
- (E) 

4 poeng

9. På bordet ligg eit kvitt kvadrat.
Oppå det kvite ligg eit grått kvadrat,
og øvst ligg eit svart kvadrat.

**Kor mange kvadrat får du om du
klipper etter linjene du ser på biletet?**




- (A) 3 (B) 4 (C) 5 (D) 7 (E) 9



10. Pilene i rutene viser kva veg roboten skal gå til neste rute. Roboten skal gå i kvar rute *nøyaktig* éin gong.

I kva for ei rute må roboten då starte?

- (A) A1 (B) B1 (C) C2 (D) D2 (E) A3




11. Lucas har 4 posar med til saman 25 eple. Han tek ut like mange eple frå kvar av posane. Etterpå ligg det 1 eple i ein pose, 2 eple i ein pose og i dei to siste posane ligg det 3 eple i kvar.

Kor mange eple har Lucas teke ut frå kvar pose?


- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5

12. Julia har 3 like klossar. Kvar kloss har to svarte, to kvite og to grå sider. Den motsette sida til svart, er kvit. Den motsette sida til grå, er grå.

Julia set saman dei 3 klossane slik biletet viser. Ho ser på klossane frå den eine sida.



Kva ser Julia?





Kengurukonkurransen
ECOLIER 2026

13. Eit hotell har 6 ledige rom. I kvart rom kan det bu anten 3 eller 4 personar. Ein stor familie med 20 personar skal bu på hotellet. Familien må fylle opp alle dei ledige romma.

I kor mange av romma må det bu 4 personar?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5

14. Robert skal skrive siffera 2, 0, 2 og 6 i rutene. I kvar rad og i kvar kolonne skal det stå ein 0 i ei rute, 6 i ei rute og i to ruter skal det stå 2. Han har allereie skrive inn nokre tal. Når han er ferdig, legg han saman tala i dei to rutene med spørsmålsteikn.

2			
	0		?
		2	
	?		6

Kva for ein sum får han då?

- (A) 0 (B) 2 (C) 4 (D) 6 (E) 8

15. Carlos, Eline og Fredrik kjøper is. Ein av dei kjøper jordbæris, ein kjøper sjokoladeis og ein kjøper vaniljeis. Ein av dei kjøper 1 kule, ein kjøper 2 kuler og ein kjøper 3 kuler.

Vi veit at:

- Carlos kjøper ikkje jordbæris, og han vel den minste storleiken.
- Eline kjøper ikkje sjokoladeis.
- Den som kjøper sjokoladeis, kjøper den største isen.

Kva for ein is kjøper Fredrik?


- (A) 2 kuler jordbæris (B) 1 kule vaniljeis (C) 3 kuler jordbæris (D) 2 kuler vaniljeis (E) 3 kuler sjokoladeis





16. Pariserhjulet på biletet har 6 vogner.
På tivoliet finst det også eit stort pariserhjul med fleire vogner. Dei er også nummererte frå 1.
Når vogn nr. 3 er nedst, er vogn nr. 12 øvst.

Kor mange vogner har det store pariserhjulet?




- (A) 12 (B) 15 (C) 18 (D) 20 (E) 26

5 poeng

17. Dei fem radene med mønster viser fem ulike tal.
Alle tala har tre siffer.
Kvart siffer frå 0 til 9 har eit eige mønster.
Dei fem tala er 183, 451, 521, 872 og 882,
men dei står i ei anna rekkjefølgje.

Kva for eit tal viser det nedste mønsteret?


- (A) 183 (B) 451 (C) 521 (D) 872 (E) 882



18. I ein by er det to typar monster:

- monster med 1 auge og 4 bein
- monster med 3 auge og 2 bein

Til saman har monstera 9 auge og 16 bein.



Kor mange monster med 1 auge bur i denne byen?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5



Kengurukonkurransen
ECOLIER 2026

19. Selina har bygd tårn av kubar og plassert alle tårna på eit rutenett. Talet i rutene fortel kor høgt tårnet i den ruta er. Viss Selina ser på tårna framanfrå, slik pilene viser, kan hun ikkje sjå tårn som ligg bak eit høgare tårn.


4	8	8	6
2	6	6	8
6	4	2	4
2	2	4	6

Kor mange tårn kan ho sjå?

- (A) 8 (B) 9 (C) 10 (D) 11 (E) 12



20. Dei fem isbjørnane Ada, Billy, Clara, Dina og Erik har kvar si bøtte. I bøtta ligg fiskane dei har fanga.



Ada seier til Billy: Om du gir meg 2 fiskar, har vi like mange fiskar.
Clara seier til Ada og Billy: Eg har halvparten så mange fiskar som de har til saman.

Kva for ei bøtte er Billy sin?

- (A) A (B) B (C) C (D) D (E) E

21. Ron vil gi Hermine 16 tulipanar på bursdagen hennar. Dessverre har han berre 7 tulipanar, men han kan trylle. Han har to trylleformlar som kan passe:
- Den eine doblar det talet han har.
 - Den andre minskar talet med 3.

Kor mange gonger må han seie ein trylleformel for å få nøyaktig 16 tulipanar?

- (A) 2 (B) 3 (C) 4 (D) 5 (E) 6





22. Lea, Ida og Mia har kvar si eske med pinnar.

Ei av jentene har pinnar som er 1 cm lange, ei har pinnar som er 2 cm og ei har pinnar som er 3 cm. Vi vet ikkje kven som har kva for pinnar.






Lea byrjar å leggje ein av pinnane sine på bordet. Så legg Mia ein av sine til høgre for Lea sin og deretter legg Ida ein av pinnane sine til høgre for Mia.

Slik held dei fram i same rekkjefølgje og legg pinnar etter kvarandre:

Lea, Mia, Ida, Lea, Mia, Ida ...

Når rekkja med pinnar er 50 cm lang, sluttar dei.

Kva for to pinnar ligg først og sist i denne rekkja?

- (A) 
- (B) 
- (C) 
- (D) 
- (E) 

23. Ask, Leo og Tom sit på ein benk i den rekkjefølgja, frå venstre mot høgre.

Kvart minutt, flyttar ein av dei seg og set seg i midten.

Først flyttar den som sit til venstre seg i midten. Så flyttar den som sit til høgre seg i midten. Slik held dei fram, annankvar gong flyttar den som sit til venstre seg i midten og annankvar gong den som sit til høgre.

Kven sit i midten etter 15 minutt?

- (A) Ask (B) Leo (C) Tom (D) Både Ask og Tom kan sitje der (E) Både Ask og Leo kan sitje der

24. I kvar rute ligg det minst eitt drops.

Talet i ei rute fortel kor mange drops det ligg i dei rutene som grensar til ruta.

To ruter grensar til kvarandre dersom dei har ei felles side.

2	4	3
7	7	3
4	6	5

Kor mange drops ligg det til saman i dei ni rutene?

- (A) 16 (B) 17 (C) 18 (D) 20 (E) 21



Kengurukonkurransen
ECOLIER 2026
